



Arthur Korneliussen  
Holmåsvegen 77  
5955 LINDÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/8716 - 21/68770

Saksbehandlar:  
Roba Al Serhan  
roba.al.serhan@alver.kommune.no

Dato:  
18.10.2021

## **Fritak frå kravet om gjødselplan GBNR 105/5 Holmås**

**Administrativt vedtak: Saknr: 1095/21**

### **VEDTAK:**

**Alver kommune gjev med heimel i § 5 i forskrift om gjødselplanlegging dispensasjon frå kravet om gjødselplan i 5 år fram til 20.10.2026 for GBNR105/5, då bruket er ekstentivt drive. Dersom det i løpet av desse 5 åra er endringar i areal, dyretal eller nytta gjødselmengde slik at føresetnadane for dispensasjon vert endra, må det fremjast ny søknad**

### **Saka gjeld:**

Føretaket Arthur Korneliussen har søkt om fritak for gjødselplan på grunn av ekstensiv drift på gbnr 105/5.

Jordbruksarealet på bruket er på 26 daa innmarksbeite, 4 daa fulldyrka mark og 16 daa overflatedyrka mark. Drifta er 25 vinterfora sau ( villsau ).

Søkjeren brukar ikkje kunstgjødsel, og samlar heller ikkje opp husdyrgjødsel fordi han har sauer som går ute heite året.

Normgjødsling i vårt område p.r daa/år er 22 kg nitrogen, 3 kg fosfor og 10 kg kalum.

### **VURDERING:**

I forskrift om gjødselplanlegging står det i § 5 at kommunen kan etter søknad frå føretaket dispensera frå kravet om gjødselplan for føretak som vert drive svært ekstentivt. Gjødslinga skal vera under 50% av normgjødsling.

Bruket er lite, har få gjødseldyreiningar (GDE=0) etter frådrag for beitetid, og har stort areal i høve til dyretalet. Kommunen har derfor ingen merknader til at det vert gitt dispensasjon frå krav om gjødselplan i 5 år.

**Regelverk**

Forskrift om gjødselplanlegging.

**Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

**Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «21/8716 »

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge  
Avdelingsleiar

Roba Al Serhan  
Rådgevar Landbruk

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Arthur Korneliussen

Holmåsvegen 77

5955 LINDÅS